



Statsforvaltaren i Innlandet



Foto: Menno Hoekstra

Informasjon til elevar og føresette om retten til å klage på karakterar

Skuleåret 2023/2024

www.statsforvalteren.no/innlandet

Kva, kven, når og korleis – klage på karakterar

Dette er ei orientering om reglane som gjeld dersom du vil klage på standpunktkarakterar i grunnskulen i 2024. Om det er noko du ikkje forstår, bør du spørje lærar eller rektor. Reglane om klagar på karakter finns i [kapittel 5 i forskrift til opplæringsloven](#).

Enten rett før eller samtidig som du får standpunktkarakterane i fag eller orden og åtferd, skal du få vite kva faglærer har lagt vekt på da ho/han fastsette karakterane. Dersom du ikkje får ei slik forklaring, bør du be om det.

Kva kan du klage på?

Du kan klage på alle standpunktkarakterar som skal førast på vitnemålet.

Du kan også klage dersom du *ikkje* får standpunktkarakterar. Dersom du ikkje har fått standpunktkarakter i eitt eller fleire fag, skal du ha fått skriftleg varsel.

Kven kan klage på karakterar?

Alle elever har rett til å klage på standpunktkarakterar. Du kan også gi nokon skriftleg fullmakt til å klage for deg. Dersom du er under 15 år, må foreldra eller føresette samtykke i klagen og signere saman med deg. Føresette til umyndige elever har sjølvstendig klagerett. Det betyr at dei har rett til å klage sjølv om du ikkje er einig i det.

Når er klagefristen?

Klagefristen er 10 dagar, og fristen reknast frå det tidspunktet du eller foreldra dine er gjort kjent med karakteren eller burde gjort dykk kjent med han.

Før du klager

Du har rett til å krevje ny grunngjeving for karakteren i fag *før* du sender skriftleg klage til skulen. Vi anbefalar at du bruker denne retten. Grunngjeving for karakteren kan du få i ein samtale med faglærer, men du kan også be om å få den skriftleg. Dersom du bed om grunngjeving, blir klagefristen avbroten. Ny frist gjeld da frå det tidspunktet du har fått grunngjevinga.

Korleis klagar du?

Du sender klagen til skulen v/ rektor. Klagen må være skriftleg, og underskriven av den som klager eller den som har fullmakt. I klagen må det stå kva du vil klage på og du bør grunngje klagen.

Kva skjer med klagen din?

Når skulen sender klagen din til Statsforvaltaren, skal faglærer si grunngjeving for karakteren leggjast ved. Det skal også leggjast ved ei uttale frå rektor om korleis skulen har følgd reglane for karaktersetting, og korleis dei har handsama klagesaka. Du og/eller foreldra dine skal ha kopi av alt som sendast til Statsforvaltaren.

Klaga og opplysningar frå skulen vil være grunnlaget for Statsforvaltaren si handsaming av saka.

Handsaming av klagar på standpunktkarakterar

Standpunktkarakter i fag

Dersom du klagar på ein standpunktkarakter i fag, må du vere klar over at Statsforvaltaren berre skal ta stilling til om *reglane* for karaktersetting er følgt. Det betyr at Statsforvaltaren ikkje kan vurdere om karakteren din er rett samanlikna med det faglege nivået ditt.

Dersom skulen ikkje har oppfylt reglane for karaktersetting, sender Statsforvaltaren saka tilbake til skulen. Rektor og faglærar skal foreta ei ny vurdering av kompetansen din, og det er rektor som fastset den endelege karakteren. Den kan være den same som du fekk første gongen, eller den kan være endra til ein lågare eller høgare standpunktkarakter. Den nye avgjerda skal grunngjevast. Du kan ikkje klage på den endelege karakteren.

Meir informasjon om klage på karakter i fag finn du her:

[Behandling av klager på standpunktkarakterer i fag \(udir.no\)](https://www.udir.no/klage-og-appeal/standpunktkarakterer-i-fag)

Standpunktkarakter i orden og åtferd

Det er skulen sitt ordensreglement som er grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. Dersom du ikkje har fått karakteren God i orden og åtferd, skal du ha fått eit skriftleg varsel.

Dersom du klagar på karakteren din, skal skulen leggje ved uttaler frå kontaktlæraren din og rektor når klagen blir sendt til Statsforvaltaren. Du og/eller foreldra dine skal ha kopi av alle dokumenta.

Skulen skal leggje ved følgende dokument:

- opplysningar som syner at du og foreldra har mottatt skriftleg varsel om at karakteren i orden og åtferd kan bli sett ned
- ei fylldig grunngjeving for karakteren
- kva for tiltak skulen har gjort for at du skulle ha høve til å forbetre karakteren
- kva slags karakterar du har fått i orden og åtferd tidlegare
- utskrift av protokoll som syner korleis skulen har handsama saka, eventuell korrespondanse med heimen og annan relevant dokumentasjon
- kopi av ordensreglementet på skulen og kommunen si forskrift til ordensreglement

Det er Statsforvaltaren som avgjer om karakteren skal endrast og eventuelt fastsett ny karakter. Statsforvaltaren si avgjersle er endeleg.



**Statsforvalteren
i Innlandet**

E-post: sfinpost@statsforvalteren.no

Besøksadresse:
Gudbrandsdalsvegen 186
2619 Lillehammer

Postadresse:
Postboks 987
2626 Lillehammer

Internett: www.statsforvalteren.no/innlandet